

Mammatre tar seg av ungene sine

Forskarar har funne ut at dei store trea hjelper ungene sine med å vekse opp.

AV IRENE INMAN TJØRVE | PUBLISERT 7. NOV. 2018 | OPPDATERT 16. DES. 2019

Illustrasjon av tre trær som smiler.

Nede på skogbotnen i skuggen av dei mektige trekronene kan livet vere hardt for eit lite trefrø som slår rot og prøver vekse opp. Det kan vere vanskeleg å få nok lys, vatn og næring. Da er det godt å ha ei mamma i nærleiken som pass på!

Samarbeid i djupet

Nede i jorda veks det tett i tett med tynne sopptrådar som bind seg til trerøtene. Trea og sopptrådane er samarbeidspartnarar: Soppene får sukker frå trea gjennom trerøtene. Trea får til gjengjeld mineral og vatn frå sopper

I dei seinare åra har forskarane oppdaga at soppen òg hjelper trea på ein annan måte: Sopptrådane dannar eit slags underjordisk "internett", som koplur trea saman under bakken. Trea bruker dette "internettet" til å sende både mat og informasjon til kvarandre.

Eit grannelag av hjelparar

Den canadiske skogforskararen Suzanne Simard har studert korleis sopptrådnettverket fungerer. Ho fortel at eit skogholt er som eit grannelag av familiar og venner som hjelper kvarandre. Trea hjelper ikkje berre dei trea som er av same artar men òg andre treslag.

Suzanne har funne ut at bjørka ofte er koplur til grantre. Om sommaren og våren, når bjørka har massevis av blad, ser bjørka ekstra næring til grana. Og om vinteren, når bjørka har felt blada og ikkje kan lage næring sjølv, får ho næring frå grana, som framleis har nålene sine på.

Familien først!

Suzanne la merke til at ein del tre hadde særleg mange sopptråd-koplingar til andre tre i nærleiken, og ho lurte på om desse trea kanskje kunne vere i slekt. Det kunne bety at trea er i stand til å kjenne igjen sine egne ungar.

For å sjekke denne hypotesen planta ho tre saman med både deira egne frø og framande frø. Det viste seg da at mammatrea bygde eit mykje tettare sopptrådnett med sine egne «ungar» enn med dei framande. Slik fekk mammatrea gitt ungene sine meir næring. Så det var tydeleg at dei visste kven som var deira egne.

Ikkje berre det – mammatrea trekte tilbake nokre av røtene sine, slik at ungene deira skulle få betre plass til å vekse. Når mammatrea vart skadde eller i ferd med å døy, sende dei forsvarsstoff og annan informasjon til ungene sine gjennom sopptrådnettverket.

Dårlegare sjansar som "foreldrelaus"

Forskning har vist at dei trea som får hjelp av mammatreet sitt eller andre slektningar under oppveksten, har fire gonger større sjanse for å overleve enn dei som ikkje har ein slektning til å passe på seg. Suzanne meiner at mange spirander ikkje kunne ha overlevd i det heile tatt utan denne hjelpa. Ho uroar seg for den moderne skogsdrifta, der ofte alle trea og ei stor flate blir felte. Ingen mammatrea blir igjen for å passe på og hjelpe ungtrea under oppveksten.

Fleire forskarar har vorte interesserte i sopptrådnettverket og forholda mellom trea i skogen. No er det fleire som forskar

dette mange stader i verda. Enno er det mykje meir å oppdage om det hemmelege livet til trea!

LIVET PÅ JORDA PLANTER OG TRÆR

Meldinger ved utskriftstidspunkt 13. mars 2025, kl. 22.44 CET

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.